



GRØNSTEIN

"Oppdagarane" som kom sigande sørfrå i store skinnkanoar til øyane våre for 12-10.000 år sidan, møtte ein folketom kyst som såg litt annleis ut enn idag. Havet stod høgare, sidan dei store breane som hadde dekka land og hav frå Sibir, over Skandinavia og heilt til Skottland, hadde smelta ned og heva havnivået. Det Oppdagarane såg av land og øyar var difor mindre enn det eg og du ser idag. Siggjo var 5-30 meter "lågare" enn i dag (vannstanden varierte eindel desse første isfrie tusenåra). Men skjergarden her var som idag rik på sel, fisk, sild, oter, ærfugl, ender og skjel, og inne på Hardangervidda gjekk reinsflokkane som gav både mat og pelsklede. Oppdagarane var gode jegerar, og hadde årlege turar opp på vidda for å jakte rein med sine spyd og bogar. Dei var i det heile mest alltid på farten, og reiste rundt på ein evig telttur der dei berre låg i nokre dagar og kanskje veker på same teltplass. Kanskje var tørr bålvéd frå gamle tre og rotvelter det dei stadig måtte flytte seg for å finne? Eller kanskje var dei redde for å kome på kant med gudane sine dersom dei vart for lenge på same plass? Dei visste nok óg at dei måtte finne seg kjærastar utanfor sin nærmeste familie dersom dei skulle få levedyktige barn og gruppa skulle overleve. I eit mest folketomt land kan dette ha vore ei vesentleg drivkraft for å stadig vera på farten; dei *måtte* finna andre folk, og var alltid på utkik etter røykstriper frå bål i det fjerne. Slik levde generasjon etter generasjon gjennom dei første 4-5000 åra langs kysten vår.

For ca. ni tusen år sidan kom hjorten inn i dette landet og ut til øyane, og vart då hovudkjelda for mat og alt av redskap som kunne lagast av bein, senar og gevir. Hjorten kunne erstatte mest alt reinen baud på, med unnatak av den varme pelsen. Den var naudsnyt, og den måtte kystfolket framleis til fjells for å skaffe seg. Men hjorten vart eit svært viktig mytisk dyr for kystfolket, noko som viser igjen i bergbileta av hjort langs kysten. Kanskje dette er bakgrunnen for at hjorten også har ein plass i vikingane sin religion? T.d. er det doggdråpar frå hjortebukken Eiktyrne sitt gevir som fyller verdsbrønnen Kvergjelme med vatn. I den norrøne kultusen var det altså hjorten som gav verda vatn.

Men det som var kritisk for å kunne overleve langs vestlandskysten på sikt, var godt redskapsmateriale i stein. Stein var den tidas metall, og den glasaktige flinten var det geniale naturproduktet i så måte. Men flint i fast fjell finnест ikkje i Noreg, korkje no eller då. Dei første Oppdagarane hadde difor heilt sikkert flint og flintredskap med seg i kanoane frå landområda i sør (f. eks. frå det me idag kallar Danmark), og dei leita nok kontinuerleg etter flint-kubbesteinar som smeltande isfjell hadde lagt frå seg langs strandene våre. Kanskje var det barnearbeid å leite etter slik stein? Ganske sikkert fekk ungane skryt dersom dei fann flint i fjøra. Av flinten kunne dei hendige steinsmedane i gruppa lage nye, barberbladskarpe redskap, og når øksa var uskarp, slo dei berre enno eit flak av eggja med eit presist kakk av ein annan stein, så var øksa skarp som eit barberblad igjen. Nye og sylkvasse knivar slo dei lett og raskt ut av ein større flintkubbe, og knakk flintpilespissen, brukte dei fem minutt på å slå ut ein ny. Men dei "brukte fort opp" ei flintøks, og på sikt måtte Oppdagarane finne lokale



steinslag som alternativ til den "danske" flinten, stein som lik flinten kunne formast til økser, piler og knivar.

Då er det Bømlo viser seg å vera reine skattekista for ein stor del av norskekysten! Først fann Oppdagarane grønsteinen ute på Hespriholmen for omlag 10.000 år sidan, og seinare ryolitten på Siggjatoppen for ca. 6500 år sidan. Grønsteinen nyttar dei til økser, og ryolitten til pilespissar og knivar ("skraper"). Ryolitten har mest same eigenskapane som flint, og får skarpe brotkantar når ein slår ut betar av steinen. Faktisk er ryolitten kanskje betre enn flint akkurat til pilspissar, avdi den ikkje brekk så lett. Men før dei fann ryolitten hadde dei altså alt i 3-4.000 år brukt grønsteinen til øksar. Den óg får skarpe brotkantar og kan slik sett likne litt på flint, men etterkvart fann Oppdagarane opp ein ny teknikk for å nytte grønsteinen best mogleg. Dei byrja å "prikkhogge" sjølve økseemnet til ein sigarliknande form, og så slipte dei av "sigaren" framme slik at dei fekk ein skarp egg. Prikkhogginga skjedde med tusenvis av små slag med ein hard stein mot økseemnet, medan sjølve egg-slipinga må ha skjedd med ein flat stein a lá bryner me kjenner frå i dag. Ulikt som for flintøksa skulle altså ikkje denne eggen slåast av når den vart uskarp, men slipast. Det å slipe ein egg var ein til då ukjent teknikk som dei anten må ha lært seg einkvan stad langt, langt vekke, eller funne opp her!

Men korleis fann dei den usedvanleg gode redskapssteinen ute på den værharde Hespriholmen? Det veit sjølvsagt ingen, men det er kjekt å fundere på det. Kanskje var det to ungdomar på jakt etter sel ute i Nordøyane, eller kanskje på leiting etter ærfuglegg og -dun, som gjekk iland på Hespriholmen? Etter å ha overnattat der, eller laga seg litt mat på eit bål, sløkte dei bålet med sjøvatn så ikkje lyngen skulle ta fyr og svi av heile den gode ærfugløya. Men då vatnet traff berget, sprakk fjellet og dei såg at kantane på steinbetane var skarpe. Sidan dei alltid var på leit etter godt steinmateriale, hadde dei sjølvsagt gode auger for kva som kunne nyttast. "Hm, den der var jammen skarp", tenkte den eine, og handfór steinen. Kanskje prøvde han eller ho å forme den sjølv, eller dei tok den med inn til familiegruppa som låg i leir inne i Sætrevika eller Langevåg. Der gav dei den til bestefaren som var den beste flintsmeden, og utfordra han til å lage eitkvart utav den. Og gamlingen prøver seg fram tildess han har fått til noko som kan brukast. "Overraskande bra", tenkte han kanskje, og dermed måtte dei reise ut dit igjen for å hente meir. Denne gongen var det fleire folk med, og kanoane var no fylt til ripa med tørr véd til å lage eit skikkeleg bål med. Etterkvart fann dei ut at det gjekk med mange kanolass med véd for å brenne ut eitt returlass med stein. For å redusere omfanget av ved dei måtte ha med seg ut, valde dei difor etterkvart ut den védtypen som gav høgast temperatur i bålet. Det var eik. Og korleis veit ein dette? Jo, avdi det berre er eikekol ein finn ved utgravingar på austsida av Hespriholmen, der dei har site i livd og grovhogd økseemna. Sameleis er det på Siggjo; det er berre eikekol ein finn ved utgravingar i ryolittbrotet. Pollenanalysar frå myrprøvar av vegetasjonen på Bømlo i denne tida viser at eik ikkje er eit dominerande treslag. Oppdagarane må difor positivt ha vald ut eik



når dei henta véd til fyrsetting i steinbrota, og det har dei truleg gjort avdi dei hadde erfaring med at eik gav høgast temperatur.

Idag ligg "golvet" i steinbrotet på Hespriholmen 4-5 meter over havflata. Slik var det sjølvsagt ikkje den gong då det var aktivitet her. Då låg golvet omlag i flomålet, eller kanskje litt over. Årsaka til at det ligg så høgt idag, er at landet har heva seg opp etter at dei store isbreane om låg kilometertjukk over landskapet eingong, smelta ned for 15.000-10.000 år sidan. Først steig altså havnivået raskt ettersom breane smelta, men deretter steig landet sakte men sikkert opp av havet igjen, og steig sopass høgt ut av sjøen som me ser på Hespriholmen. Denne "duttinga" kallast *transgresjon* på fagspråket, og har gått litt i bølger gjennom tidene. Men i hovudsak steig havet først pga. frigjorde vassmengder frå dei *enorme* breane, og deretter steig landet sakte då vekta av breane forsvann.

I dagens utgravingar av steinalderbuplasser, er Stein frå Siggjo og spesielt frå Hespriholmen, det arkeologane finn mest av i alle utgravingar mellom Lista i sør og Sognefjorden i nord. Arkeologen Sigmund Alsaker som har abeidd mye med Hespriholmen, og som elles fann ryolittbroet på Siggjo, kallar folket på denne kyststrekninga i steinalderen for "Grønsteinsklanen". Kanskje har han rett, at det var ei eiga gruppe som hadde grønsteinen som felles identitetsmerke og dyrebart bytemiddel og valuta.

Hespriholmen vart "oppdaga" på ny for ca. 90 år sidan, nærmere i 1923. Då hadde historia om denne holmen vore gløymd i 3-4.000 år. Den som "fann" holmen, eller i alle fall forstod kva den eingong hadde vore, var arkeologen Johs. Bøe. Han budde denne sommaren på Langevåg og dreiv utgravingar i Sokkamyro, denne myra stappfull av restar frå steinalderen som den då unge Haakon Shetelig hadde byrja arkeologiske utgravingar i alt i 1901. Bakgrunnen for Sheteligs interesse var den lokale fiskarbonden Johan Vespestad som hadde levert ei bøtte med sigarforma steinar til Bergen museum i 1898. Johan Vespestad er dermed den første som viste interesse for Bømlos rike forhistorie.

Denne sommarkvelden i 1923 var Johs. Bøe på fisketur i Nordøyane ilag med den lokale fiskaren Arnt Hovland. Bøe reagerte på det karakteristiske merket i berget på vestsida av Hespriholmen i det dei rodde forbi, og spurde Arnt Hovland på framtofta om kva dette var. Hovlands svar var at han ikkje visste, men at det det på folkemunne heitte at det var merket etter ropa til ei svær gyger (trollkjerring) som hadde sett seg rett ned på Hespriholmen. Bøe såg at det store hakket i fjellet måptte vera laga av folk, og sidan ingen lokale hadde anna enn mytologiske forklaringar på det, måtte det ha vore svært lenge sidan. Og steinen var den same som den dei fann handlaga former av i Sokkamyro. Endeleg var kjelda til dei mange grønsteinsøksane i Sokkamyro funne! Med eit høgare havnivå enn idag, har steinalderfolket padla Eidesvikdalen inn og ut på sin fraktefart mellom kjelda på Hespri og verkstadbuplassen i Sokkamyro, og det gjennom tusenvis av år! Gjenoppdagninga av Hespriholmen må ha vore eventyrlig for Johs. Bøe og Haakon Shetelig som hadde vist så stor interesse for søra Bømlo år etter år!



Bømlo har vore eldoradoet for Oppdagarane av norskekysten gjennom heile seks tusen år. Fyrsettinga ein brukte som metode for steinutvinninga, har vore nytta over heile verda og heilt til svartkrutet vart oppfunne så seint som på 15-1600-talet. Men ingen andre stader i verda kan ein seie at det gjennom så lang tid som seks tusen år er teke ut stein med same metode, slik som på Hespriholmen! Dette, saman med det unike krateret i sjølve holmen og den store utbreiinga av grønsteinen, gjer at Hespriholmen fortener langt større merksemd enn den har hatt, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Hespriholmen er ein stor kulturhistorisk skatt som me skal vera svært krye over!

B.S. feb. 2011

Kjelder:

- Morten Kutsjera, arkeolog, Arkikon
"Bømlo, Steinalderens råstoffssenter på Sørvestlandet", UiB 1987, Sigmund Alsaker.
"Haakon Shetelig, Arkeologen og mennesket". Kari Shetelig, Alma Mater Forlag 1995